

Kunnskapsdepartementet (KD)

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:
20/01858-4

Dato:
28.05.20

Høyringsvar frå HVL på NOU 2020: 3 Ny lov om universiteter og høyskoler

Høgskulen på Vestlandet (HVL) takkar for høve til å kommentere og komme med våre synspunkt på forslaget til ny universitets- og høyskolelov (UH-lov).

Eit viktig bakteppe for HVL sitt høyringsvar er at utvalet peikar på at institusjonane i større grad bør samordne seg, og gjere prioriteringar som møter samfunnets behov. For HVL tyder dette mellom anna at institusjonane skal kunne utvikle profilar i tråd med styrke og eigenart, og bidra til ein differensiert sektor med høg kvalitet.

Det viktigaste for HVL er å få ei UH-lov som gjer at HVL kan vidareutvikle vår profil, strategi og regionale rolle i arbeids- og samfunnslivet. Dette tyder mellom anna at regelverket må gje tilstrekkeleg autonomi og fleksibilitet til å raskt kunne ta eigne val.

I vedlegget blir det gjort greie for kva dette tyder i praksis for heimlane i lovforslaget, men det er nokre gjennomgåande føringar. HVL meiner at regelverket må:

- Ta inn over seg målet om ein differensiert UH-sektor, mellom anna med ulike typar universitet.
- Fremje tilbodet om høgare utdanning i heile landet.
- Leggje til rette for fleksible løysingar, mellom anna for vurderingsarbeid og eksamensavvikling.
- Ta omsyn til kunnskap og kompetanse, som ein innsatsfaktor for å skape utvikling i heile landet.

Beste helsing

Berit Rokne
Rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrivne signaturar.

Vedlegg: Høyringsvar frå HVL på NOU 2020 3 UH-lov

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
STAB -
Virksomhetsstyring
og internrevisjon

Saksbehandler
Einar Brobakke
Telefon: +4793661052

Svar frå HVL på høringa av NOU 2020: 3 Ny lov om universiteter og høyskoler

Høgskulen på Vestlandet (HVL) viser til brev av 18. februar 2020, og takkar for høvet til å gje innspel på NOU 2020: 3 *Ny lov om universiteter og høyskoler*.

Ein gjennomgang av universitets- og høyskoleloven (UH-lova) er sårt tiltrengt, av dei grunnane som utvalet sjølv gjev til kjenne innleiingsvis i NOU 2020: 3. HVL er positive til lovarbeidet som er gjort, og til forslaget til strukturendringar i lova, sett under eitt. Samtidig vil vi peike på at det har vore ein medviten politikk kring å få færre og større institusjonar, med større handlingsrom. Ein konsekvens av dette burde vore større grad av autonomi, og mindre grad av reguleringar og detaljert styring. Denne politikken bør etter vår meining takast omsyn til i ei ny UH-lov.

Hovudbodskapen frå HVL

I kapittel 3.3 i utredninga drøftar utvalet myndigheitenes den samla styring av universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren). Ved sida av regelverket er akkrediterings-, kvalitetssikrings- og finansieringssystemet for universitet og høgskular sentrale delar av denne styringa. Utvalet meiner at styringa, samla sett, bør bli noko mindre enn i dag. Utvalet peikar på at institusjonane i større grad bør samordne seg, og gjere prioriteringar som møter samfunnets behov. Dette er vi samde i, og for oss tyder dette mellom anna at institusjonane skal kunne utvikle profilar i tråd med styrke og eigenart, og bidra til ein differensiert sektor med høg kvalitet. Dette er eit viktig bakteppe for dei innspela HVL har til lovforslaget.

HVL er ein fleircampus-institusjon med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. I dette ligg det at i utdanning, forskning og utviklingsarbeid skal bidra til både utvikling og tilførsel av kunnskap, kompetanse og omstilling i heile landet og særleg på Vestlandet. Dette skil oss frå mange andre institusjonar i UH-sektoren.

Det viktigaste for HVL er å få ei UH-lov som fremmer og ikkje legg hindringar for vår profil, strategi og regionale rolle i arbeids- og samfunnsliv. Dette tyder at regelverket må gje størst mogleg autonomi og fleksibilitet til å raskt kunne ta eigne val. Vi kjem konkret inn på kva dette tyder i praksis i innspela til kva heimel i forslaget til ny UH-lov, men det er nokre gjennomgåande tankar bak; HVL meiner at regelverket må:

- Fremje, og ikkje skippe tilbodet om høgare utdanning *i heile landet*. Vi ser i dag kor viktig kompetanse i heile landet er. I desse dagar ser vi kor viktig kompetanse er som ein viktig faktor i nasjonal beredskap. Eit anna moment er at studentar ofte blir verande der dei studerte, og derfor er spreiding av høgare utdanning viktig for arbeids- og samfunnsliv i heile landet.
- Leggje til rette for *fleksible løysingar*, mellom anna for vurderingsarbeid og eksamensavvikling. Det at dette er viktig har vi dagsaktuelle dømer på.
- Ta inn over seg målet om ein *differensiert UH-sektor*, slik det blir uttrykt i mellom anna langtidsplanen for høgare utdanning.
- Ta omsyn til kunnskap og kompetanse, som ein innsatsfaktor for å *skape utvikling* i heile landet, jamfør regionreforma og rolla til fylka i kompetanse- og næringsutvikling, i rapportane frå Kompetanseutvalget og stortingsmeldinga om arbeidslivsrelevans.
- Ta omsyn til at nye ordningar, som vil krevje meir ressursar, blir kompensert. Det må følgje budsjettmidlar med kostnadskrevjande endringar.
- Det å bli akkreditert som *universitet* må vere rettvist og i samsvar med politiske mål. Regelverket bør fremje ein differensiert sektor og ikkje leggje hindringar i vegen for ulike typar universitet.
- HVL er for at institusjonane i størst mogleg grad må kunne dimensjonere høgare utdanning, men støttar likevel fleirtalet i utvalet i synet på *gradsforskriften* (NOU 2020: 3: Kapittel 8 (8.10.2 side 83-)). Nokre utdanningar må ha ei dimensjonering, som er styrt frå departementet.

Skjematisk oppsett av heimlar HVL har innspel på:

§	Innspel
1-1 a)	Forslag til endring (omgrepet «ny kunnskap»)
1-1 b)	Behov for presisering og forslag til mindre endring (føremålsheimelen)
1-1 x)	Forslag til ny punkt (bokstav x) omgrepet «heile landet»)
2-1	Forslag til å ikkje fjerne §3-1 c) frå gjeldande UH-lov (søke eksterne ressursar)
2-1 f)	Forslag til endring (innovasjonsomgrepet)
2-1	Forslag til å ikkje fjerne §3-1 h) frå gjeldande UH-lov (internasjonalisering)
2-4 (7)	Kommentar til omgrepet «god skikk»
2-5	Behov til presisering eller forslag til endring (eigenbetaling)
2-6 (4)	Tilslutnad (rammeplanar)
2-6 (5)	Tilslutnad (deleksamen)
3-3	Tilslutnad til fleirtalet (styreleiar)
3-3	Tilslutnad under tvil (kring utnemning av styret)
3-4	Tilslutnad (val og oppnemning av styret)
3-5	Tilslutnad (rektor)
6-1	Tilslutnad (generell studiekompetanse), men også behov for vidare utgreiing
6-2	Tilslutnad (likestilt studiekompetanse), men også behov for vidare utgreiing
6-4	Tilslutnad (dispensasjon søkarar utan generell studiekompetanse)
6-4	Tilslutnad (særskild vurdering)
6-4	Tilslutnad, men med behov for avklaring (kjøn og tilleggspoeng)
6-4	Tilslutnad men med behov for avklaring (lovfesting av heimlar frå opptaksforskrifta)
6-7	Endringsforslag (lytt ledd om heimel til å gje føresegnar)
7-2	Behov for vidare utgreiing (tilknytning til studentskipnad)
7-4 (1, 2)	Behov for presisering (rekkevidda på omgrep)
7-4 (3)	Behov for presisering (krav og seinare yrkesutøving)
7-9/7-10	Forslag til endring (flytting av heimlar)
8-2	Behov for presisering (nettforelesingar)
8-5 (1, 3)	Forslag til endring (omgrepet «privatist»)
8-6 (1)	Forslag til endring (minstekrav til evaluering)
8-6 (2)	Forslag til endring (munnleg eksamen)
8-7 (1)	Forslag til endring (tre-trinns karakterskala, bruk av omgrep)
8-7 (2)	Forslag til endring (to sensorar)
8-7 (4)	Tilslutnad (sensurfrist, yrkedagar)
8-9 (3)	Forslag til endring (grunngjeving)
8-10 (2)	Tilslutnad (individuell klagerett)
8-10/8-11	Forslag til endring (blind sensur)
8-11	Tilslutnad (sensurfrist ved klage)
8-12	Behov for presisering (ph.d)
8-13 (3)	Forslag til endring (karakter på vitnemål)
9-3 (1)	Tilslutnad med atterhald (studiepoeng)
9-3 (1, 2)	Tilslutnad med behov for oppfølging (i føresegnar)
10-1 (1)	Forslag til endring av første ledd («skikkethetsvurdering»)
10-3 (3)	Tilslutnad med atterhald (utestenging)
10-4 (2)	Forslag til endring (omgrep)
10-4 (3)	Forslag til endring (bortvising)
10-9	Forslag til endring (klesplagg)
10-12 (3)	Forslag til endring (saksomkostningar)
12-2	Tilslutnad (klageorgan)

§	Innspe
15-1	Tilslutnad med forslag til endring (universitetsakkredittering)
15-3	Forslag til endring (omgrepet kvalitetssikring)

Konkrete, utdjupa innspel til lovforslaget

Kapittel 1 Formål og verkeområde

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 11, side 103- og kapittel 12, side 111-.

§ 1-1. Formålet med universiteter og høyskoler

Bokstav a) Ny kunnskap

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 11, side 103-, og kapittel 39, side 366-.

Forslag til endring:

HVL foreslår at ordet «ny» i «ny kunnskap», blir stroke. Utvikling av ny kunnskap dekkast av omgrepet «frembringe», og sektoren skal ikkje berre ta omsyn til ny kunnskap, men også forvalte og formidle det vi allereie veit.

Bokstav b) Samanfall med andre lover

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 11, side 103-, og kapittel 39, side 366-.

Problemstilling:

NOUen seier at den nye lova tydeleg skal vise rettigheter og plikter. Videre seiast det at den nye føremålsheimelen sikrar ein samanheng mellom grunnleggande verdiar i utdanningssystemet, jf. føremålsheimelen i barnehagelova og opplæringslova. § 1-1 bokstav b) lyder «*bidra til et høyt kompetansenivå i samfunnet, gjennom dialog, dannelse og personlig utvikling for den enkelte*».

Tanken om at det skal vere ein viss samanheng mellom føremålsheimlane i lover knytt til utdanningssystemet er god, men innhaldet i § 1-1 bokstav b) i forslaget til ny UH-lov står fram som uklart/utdreg, og kan gje stort rom for tolking.

Behov for presisering og forslag til endring:

HVL ber om at det blir sett på om føremålsheimelen kan gjerast klårare og tydlegare, for å hindre mistolkingar.

Forslag til nytt punkt, bokstav x

Problemstilling

UH-sektoren bør ha inn eit formål om å sikre tilgang til høgare utdanning i heile landet.

Forslag til endring

HVL foreslår at ei formulering om den geografiske dimensjonen blir teke inn i formålsheimelen. Dette kan enten gjerast med å leggje til ein ny bokstav: «x) *bidra til høgare utdanning i heile landet*», eller leggje til teksten «*i heile landet*» til ein eksisterande bokstav. Til dømes: «b) *bidra til et høyt kompetansenivå i samfunnet, gjennom dialog, dannelse og personlig utvikling for den enkelte i hele landet*».

Kapittel 2 Verksemd og ansvar

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 12, side 111-, og kapittel 18, side 167.

§ 2-1. Institusjonanes oppgåver

Forslag om fjerning av krav om å søke eksterne ressursar i gjeldande UH-lov § 1-3 bokstav c).

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 12, side 118-.

Problemstilling:

Utvalet foreslår at § 1-3 bokstav c) «(...) forvalte tilførte ressursar effektivt og aktivt søke tilføring av eksterne ressursar», blir teke ut av gjeldande lov. Det presiserast at utvalet med dette forslaget ikkje meiner å redusere kravet til institusjonane på disse punkta. Det er et generelt krav til alle aktørar som mottar statlege midlar, at de skal bruke dem effektivt, jf. regelverk for økonomistyring i staten, men etter utvalets oppfatning er det ikkje naudsynt å lovfeste dette.

Forslag til endring:

HVL meiner at det kan vere uheldig å fjerne denne formuleringa, då det nettopp blir vist til UH-lova og KDs forventningar for å understreke viktigheita av å søkje eksterne midlar.

For meir «forskingstunge» institusjonar, som dei etablerte universiteta, vil tilføringa av eksterne ressursar gjerne oppfattast som sjølv sagt, men det er ikkje gjeve at denne oppfatninga er like rotfesta i fagmiljø ved alle institusjonane i landet. HVL meiner derfor at kravet ikkje bør fjernast.

Bokstav f): Brei forståing av innovasjon, og indikatorar.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 12, side 117, og kapittel 39, side 368.

Problemstilling:

HVL støtter utvalets vurdering om at eit breitt innovasjonsomgrep bør leggjast til grunn i forståinga av institusjonanes oppgåve i UH-lova. Dette er i tråd med forståinga av innovasjonsomgrepet som HVL sjølv legg til grunn, mellom anna i høgskulens strategi 2019-2023, ph.d.-programmet i ansvarleg innovasjon og regional utvikling, samt handlingsplan for innovasjon- og entreprenørskap, som er under utarbeiding. Eit breitt innovasjonsomgrep som også femner innovasjon i offentleg sektor og sosial innovasjon, vil kunne vere relevant for den faglege aktiviteten i ein langt større del av verksemda.

Forslag til endring:

Det ville vært ønskeleg at ei brei forståing av innovasjonsomgrepet i lovteksten også hadde gjeve utslag i tilleggsindikatorar i rapporteringa til Database for høyere utdanning (DBH), der det i større grad blei teke omsyn til innovasjon i offentleg sektor og sosial innovasjon. Dette vil både bidra til å fange opp ein større del av institusjonens innovasjonsverksemd enn i dag, og vil samtidig aktualisere innovasjonsomgrepet breiare i sektoren, også for miljø som i mindre grad arbeider med innovasjon, i «smal» forstand.

Omgrepet internasjonalisering

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 12, og kapittel 39, side 367-.

Problemstilling:

Internasjonalisering er ikkje her nemnt særskilt i forslaget til heimel.

Forslag til endring:

HVL meiner at omgrepet internasjonalisering bør inn under denne paragrafen. Til dømes ved å ta inn igjen § 1-3 bokstav h) frå den gjeldande UH-lova.

§ 2-4. Faglig frihet og ansvar

Sjuande ledd: God skikk.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 39, side 371.

Kommentar:

I det sjuande leddet står det: «*Det relevante forskningsgrunnlaget skal stilles til rådighet i overensstemmelse med god skikk på vedkommende fagområde.*» HVL stiller spørjeteikn ved korleis denne formuleringa samsvarar med mål/krav om openheit i forskning, inkludert deling av data, og om det er tilstrekkeleg å vise til «god skikk».

§ 2-5. Egenbetaling

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 18, side 167-, og kapittel 39 side 371-.

Problemstilling:

Gjeldande UH-lov § 7-1, første ledd slår fast at statlege universitet og høgskuler ikkje kan krevje eigenbetaling frå studentar for ordinære utdanningar, som fører fram til ei grad eller yrkesutdanning. Dette «gratisprinsippet» førast vidare i § 2-5 i forslaget til ny UH-lov.

I Universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) har det vore uklart om «gratisprinsippet» også gjeld for graden philosophiae doctor (ph.d.). Problemstillinga er drøfta i Universitets- og høyskolerådet (UHR) sitt «Forum for forskerutdanning» på bakgrunn av at nokre universitet/høgskuler har kravd betaling i samband med opptak til ph.d.-studium for stipendiatar, som er tilsett ved eit anna universitet eller høgskule. Problemstillinga blir om ein institusjon skal kunne ta betalt for å dekke kostnader knytt til dømes til rettleiing, midtvegsevaluering og disputas?

Behov til presisering/forslag til endring:

HVL foreslår at det i ei ny lov blir avklara om gratisprinsippet gjeld for graden philosophiae doctor (ph.d.), og at det blir gjeve detaljer i forskrift om kva kostandar ein institusjon eventuelt kan krevje betaling for i samband med denne grada (ph.d.).

§ 2-6. Grader og yrkesutdanningar

Fjerde ledd: Rammeplanar

Referanse NOU 2020: 3: Fleire stadar, mellom anna kapittel 9.2.5, side 90- og kapittel 9.3.7, side 94-. Kapittel 39, side 372-

Tilslutnad:

HVL er positive til at utvalet tilrår å mjuke opp krav til rammeplanar, fordi det grip sterkt inn i institusjonanes faglege fridom og autonomi.

Femte ledd: Forslaget om nasjonal deleksamen

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.4.1.4 side 195- og 21.4.2.3, side 198- og kapittel 39, side 372-.

Problemstilling:

Utvalet vil fjerne nasjonale deleksamenar.

Tilslutnad:

HVL støttar forslaget om å fjerne nasjonale deksamener først og fremst fordi det er noko som grip sterkt inn i institusjonenes fridom og faglege autonomi. Den same argumentasjonen gjeld også for nasjonale eksamenar i det heile. Dette er noko institusjonane sjølve må styre.

Slike deksamener har dessutan den ulempa, at det kan variere sterkt kor mye karakteren tel i eit emnes samla karakter. Karakteren i eit emne frå ulike institusjonar kan dermed vere lite samanliknbare.

Kapittel 3 Organisering og leing ved statlege institusjonar

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 27, side 264

§ 3-3. Styrets sammensetning

Styreleiar

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 27.5. side 268-. Kapittel 39 side 376-.

Problemstilling:

Denne heimelen må sjåast i samanheng med § 5-5 Rektor. Utvalet er delt i synet på korleis styreleiar og rektor skal utnemnast. Fleirtalet vil endre lova slik at statlege universitet og høgskular skal ha ekstern styreleiar. Mindretalet vil ikkje endre lova, altså at statlege universitet og høgskular sjølv avgjer om dei skal ha ekstern styreleiar og tilsett rektor *eller* valt rektor som også er leiaren av styret.

Eit tredje alternativ, som går ut på at det berre er ein modell som gjeld for heile sektoren, slik som til dømes i Danmark, er også blitt diskutert.

Tilslutnad til fleirtalet:

HVL er delt i synet på kva modell som er den rette, men har enda opp med å gje sin tilslutnad til fleirtalet i utvalet. HVL sluttar seg altså til det at styreleiaren skal vere ekstern.

Utnemning av styremedlem

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 27.5. side 268-. Kapittel 39 side 376-.

Problemstilling:

Mindretalet i utvalet meiner at KD skal utnemne alle dei fire eksterne medlemmane, medan fleirtalet meiner at KD og institusjonen skal utnemne to kvar. HVL har diskutert problemstillinga og ser både ulemper og fordelar med begge syn: Det viktigaste argumentet for ei deling er autonomi, medan det viktigaste argumentet for at KD utnemner alle fire er å sikre breidde i samansetjinga av styret.

Tilslutnad under tvil:

Ut frå omsynet til autonomi ville det vore naturleg for HVL å støtte fleirtalet i utvalet, slik at det blir ei delt utnemning. Samtidig er det vanskeleg å sikre at ikkje balansen og breidde i kjønn, kompetanse og andre faktorar kan bli skipla. Det er viktig at samfunnet blir representert i styret og å ha eit blick på samansettinga av styret frå utsida. Institusjonane vil same kva ha høve til å melde inn forslag. HVL vel derfor, under tvil, å gje sin tilslutnad til fleirtalet.

§ 3-4. Valg og oppnevning av styret

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 27.5. side 268-. kapittel 39 side 376-.

Tilslutnad:

HVL støttar fleirtalet i utvalet. Dette handlar om autonomi og demokrati.

§ 3-5 Rektor

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 27.5. side 268- og 39 side 376-.

Problemstilling:

Denne heimelen må sjåast i samanheng med § 3-3 Styrets sammensetning. Utvalet er delt i synet korleis modellen skal utformast, men begge syn gjev institusjonane høve til å velje om dei vil ha valt eller tilsett rektor.

Eit tredje alternativ, som går ut på at det berre er ein modell som gjeld for heile sektoren er også blitt diskutert.

Tilslutnad:

HVL meiner at institusjonane sjølv skal avgjere om rektor skal veljast eller tilsettast av styret.

Kapittel 6 Opptak til høgare utdanning

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 17, side 138.

§ 6-1. Krav om generell studiekompetanse

Forslaget om at reglene i lov og forskrift om generell studiekompetanse, som grunnlag for opptak til høgare utdanning blir vidareført.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 17.1, side 138, drøfting i 17.4.2, side 152-, og kapittel 39, side 390-.

§ 6-2. Kvalifikasjoner som likestilles med generell studiekompetanse

Forslag kring kvalifikasjonar som er likestilt med generell studiekompetanse.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 17.1, side 138, drøfting i 17.4.3 og 17.4.4, side 156-, og kapittel 39, side 391.

Problemstilling:

Desse heimalne sjåast i samanheng ut frå utvalet si tilråding om å sjå nærare på om det generelle opptakskravet bør skjerpast.

HVL har otte for at utan en grundig diskusjon om kva krava til generell studiekompetanse skal vere, så vil konseptet «generell studiekompetanse» på sikt blir viska ut. Det vil gjere søknadsprosessane meir uoversiktlege, og handlingsrommet mindre for søkerane. Ei auking av særskilde opptakskrav vil i tillegg gjere sakshandsaminga meir omfattande for universitet og høgskuler, og mindre arbeid kan gjerast på tvers.

Tilslutnad med behov for vidare utgreiing:

Utvalet diskuterer grundig og godt kring vurderingane av norskfaget, og utfordringa med at de som får generell studiekompetanse med bakgrunn i toårig fagskule ikkje har det same grunnlaget i norsk, som dei som enten har vitnemål frå vidaregåande skule eller har teke norsk som einskildfag.

Det er viktig å presisere at toårig fagskule ikkje skal vere ein primær veg til høgare utdanning, men at det skal være ein moglegheit for dei som seinare ønsker ei høgare utdanning, å bruke fagskolen. Toårig fagskuleutdanning er først og fremst ei utdanning for dei som ønsker yrkesteoretisk utdanning innan sitt fagfelt, ikkje ein alternativ veg til generell studiekompetanse.

Utvalet skriv vidare at dei opplever det som uheldig at søkerar med fagskule og med generell studiekompetanse frå vidaregåande må rangerast to gangar (med det ekstra arbeid det fører med seg), noko vi er helt samde i. Intensjonen var at rangering med bakgrunn for fagskule berre er for dei som ikkje har generell studiekompetanse på ein annan måte.

Med auka i særskilde opptakskrav blir det viktig å avklare kva nivå generell studiekompetanse skal vere på. HVL meiner at det er behov for ei at dette blir grundigare utgreia. Departementet bør i samarbeid med utdanningsinstitusjonane vurdere om generell studiekompetanse gjer ein søker tilstrekkeleg budd.

§ 6-4. Unntak fra kravet om generell studiekompetanse.

Forslag om å vidareføre heimelen om dispensasjonsvurdering for søkerar utan generell studiekompetanse.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 17.1, side 138, drøfting i kapittel 17.2.3.3, side 143-, og kapittel 39 side 391. Referanse i opptaksforskrifta § 3-2.

Tilslutnad:

HVL er samde i forslaget om vidareføring, men ikkje avgrensa til 25 år slik det er i dag. Hovudårsaka til at HVL gjev si tilslutnad er at denne praksisen har vore aldersdiskriminerande. Søkarar med dispensasjon, med bakgrunn i for eksempel diagnosar som dyskalkuli, sluttar ikkje å ha disse diagnosane når de fyller 25 år. Opptak med bakgrunn i realkompetanse har også vore vanskeleg for denne gruppa, då det krevjast relevant arbeidserfaring som særskilt få har.

Forslaget om å ikkje vidareføre heimelen om særskilt vurdering av søkarar med generell studiekompetanse, som i dag følgjer av opptaksforskrifta § 7-13.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 17.1 side 138, og drøfting i kapittel 17.4.6, side 164-.

Tilslutnad:

HVL er samde i vurderingane, som er knytt til særskilt vurdering. Dette er en gruppe med søkarar som krev mye ekstraarbeid, men kor eit fåtal får endra poengsummen sin, med bakgrunn i denne heimelen. HVL hadde i 2019 270 søkarar, som ønskte særskilt vurdering. Berre fire tilfredsstilte krava til vurdering, og av disse var det berre to som kom inn på ønska studium. I dag har alle elevar rett på tilrettelagt vidaregåande opplæring, og ordninga i dag er, som utvalet skriv, vanskeleg å praktisere og er i tillegg lite føreseieleg for søkarane.

Forslaget til å ikkje vidareføre heimelen om tilleggspoeng til det underrepresenterte kjønn, som i dag følgjer av opptaksforskrifta § 7-9.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 7.1, side 138 og drøfting i kapittel 17.4.5., side 158-

Tilslutnad, men med behov for avklaring:

HVL er samde i det ikkje er behov for å vidareføre heimelen. For HVL gjeld denne problemstillinga i dag berre for opptak til ingeniørstudium og maritime studiar, kor jenter kan få to tilleggspoeng basert på kjønn. Få av studia der har rangering i dag, så i prinsippet kjem mange av de kvalifiserte søkarane inn, uavhengig av tilleggspoenga. Tilleggspoeng basert på kjønn er ei kompleks problemstilling, det same gjeld også tilleggspoeng for real- og språkfag frå vidaregåande skule. Det er viktig å ha i mente at tendensar og strukturar i samfunnet og i arbeidslivet, etter vår meining, ikkje kan løysast ved hjelp tilleggspoeng i opptaket. Tilleggspoeng er eit enkelt, men passivt verktøy og det er vanskeleg å måle stor effekt av dette. Ved studiar der det er vanskeleg å kome inn og der det er ei større mengde, godt kvalifiserte jenter som søker, så kan to tilleggspoeng til gutar ha lita nytte.

Tilleggspoeng, som poeng for det underrepresenterte kjønn, er dessutan ikkje heimla i dagens UH-lov, men i «Forskrift om opptak til høgare utdanning». Vi ser ikkje at dette er endra, men vi reknar med at ei endring av forskrift kjem i kjølvatnet av ein ny lov? Alle tilleggspoeng bør, slik som det også kjem fram i NIFU sin rapport om rangering i opptak til høgare utdanning, vurderast om dei har noko hensikt ved opptak. I denne vurdering må det sjåast på om dei har noko hensikt i rekrutteringsprosessen, i opptaket og seinare i arbeidslivet.

Lovfesting av einskilte heimlar, som i dag går fram av opptaksforskrifta

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 17.1, side 138.

Tilslutnad:

HVL støtter forslaget, og meiner at mest mogleg blir forankra på høgste nivå.

§ 6-7 Opptak til høgere grads studier

Ledd x. Nytt ledd om lovfesting av heimel til å gje forskrift.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 17, side 138-.

Problemstilling:

Digitaliseringsstyret for høgere utdanning og forskning har fatta eit vedtak om å starte opp eit nasjonalt samordningsprosjekt for opptak til masterstudie i Norge. For at ei løysing skal kunne føreligge innan 2022, som er prosjektets ramme, må ei eiga føresegn vere hemla i UH-loven.

Forslag til endring:

HVL foreslår at det leggst til eit nytt ledd i § 6-7, med følgjande lovtekst:

“Departementet kan gi forskrift om nasjonal samordning av opptak til høgere grads studier, om rangering av søkere og om klagebehandling.”

Kapittel 7 Læringsmiljø og studentrepresentasjon

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 19, side 171 og kapittel 36, side 350.

§ 7-2. Forholdet til studentsamskipnadene

Forslag om føringar for tilknytning til ein studentsamskipnad

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 36 side 350- og kapittel 39, side 395.

Problemstilling:

Det er her to problemstillingar. Den første går på om andre enn berre Studentskipnaden også bør kunne få tilby studentvelferd, dersom institusjonen ønsker det eller ser behov for dette? Den andre går på at institusjonane har fått eit utvida ansvar for læringsmiljø. Dette grensar opp mot samskipnadane si rolle, men utan av institusjonane har noko styring over dei.

Behov for vidare utgreiing:

HVL meiner at det ligg eit forbettringspotensiale ved at det i framtida opnast opp for meir konkurranse og mindre monopolisme. Dette vil kunne auke kvaliteten på tenester, samt ivareta en sunn prisutvikling på dei ulike tenestene. Det bør stillast spørsmål til kor stor del studentskipnaden skal ha av ein regulert marknad, som ikkje er i fri konkurranse - altså kor stor aktør skal ein samskipnad kunne vere i éin og same by. Dømer på tenester det er snakk om er bustadar, kafé-/kantinedrift, catering og treningssenter). Samskipnaden kan også drive med ordinær, kommersiell verksemd, og konkurrerer i ein privat marknad, som ikkje nødvendigvis set studentanes velferd i fremst.

Det bør også gå tydeleg fram kva ei fristasjonsordning skal omfatte av finansiering. Er det berre lokalar, straum og varme, eller skal det også gjevast direkte driftstilskot, innkjøp av inventar og så bortetter. Det er ulik praksis innanfor dei ulike samskipnadene.

HVL meiner at dette er prinsipielle spørsmål, som ikkje er tilstrekkeleg utgreia. HVL ber om at utvalet ser nærare på problemstillingane knytt til fristasjonsordninga og monopolsituasjonen og til grenseoppgangen knytt til læringsmiljø.

§ 7-4. Individuell tilrettelegging ved funksjonsnedsettelse og særskilte behov

Første og andre ledd: Presisering av rekkevidde på omgrep.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 19.3, side 174-. Kapittel 39, side 396-.

Tilslutnad, men med behov for presisering

HVL har ingen merknader til dei to første ledda i heimelen, men vi vil løfte fram ei problemstilling knytt til teksten i NOUen, frå nedst i andre spalte på side 174. Der står det at; «*Lovendringen ga studentene en sterkere rett til tilrettelegging ved at det kun er når det foreligger en uforholdsmessig byrde for institusjonene at det ikke er krav om tilrettelegging. Før lovendringen var kravet at institusjonen måtte tilrettelegge så langt det var «mulig og rimelig». Endringen innebar at institusjonene nå må strekke seg lenger for å tilrettelegge.*»

HVL har forstått det slik at endringa i ordlyden i 2019 ikkje førte med seg faktisk endringar i tilretteleggingsplikta. Sjølv om formuleringane i likestillings- og diskrimineringsloven, og UH-lova var ulike, høvesvis «*egnet tilrettelegging*» som ikkje «*innebærer en uforholdsmessig byrde*» og «*mulig og rimelig*» tilrettelegging, så var disse heimlane meint å harmonisere, og ramma for tilretteleggingsplikten meint å være den same etter særlov og sektorlov (sjølv om kretsen av personar var større etter UH-lova, ettersom også meir midlertidige behov skal bli tilrettelagt for etter denne). At plikta var meint å rekke like langt, går fram av forarbeida til den tidlegare diskriminerings-

og tilgjengelighetsloven, Ot.prp. nr. 44 (2007-2008) side 184 og 264. Det er denne tolkinga HVL har lagt til grunn for sin tilretteleggingspraksis.

Behov for presisering:

HVL ber om at det blir presisert dersom tilretteleggingsplikta er tenkt å strekke seg lengre enn “egnet tilrettelegging” utan “uforholdsmessig byrde” slik den var før 2019.

Tredje ledd. Yrkesutøving

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 19.3, side 174-. Kapittel 39, side 396-.

Behov for vidare utgreiing/presisering:

Dette handlar om at tilrettelegginga ikkje må føre til ein reduksjon av dei faglege krava som blir stilt i den einskilde utdanninga. HVL meiner at det er behov for retningslinjer, eller ei drøfting i lovproposisjonen, som gjer greie for korleis utdanningar, der funksjonsnedsetting og særskilte behov faktisk kjem i konflikt med sjølve yrkesutøvinga.

§ 7-9. Studentorgan og § 7-10. Studentenes representasjon i institusjonens organer

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 1, side 24, jamfør side 15-.

Problemstilling:

HVL har ingen merknadar til heimlane, men stiller spørjeteikn ved kvifor disse to heimlane er plassert inn under kapittel 7, som handlar om læringsmiljø og tilrettelegging.

Forslag til endring:

HVL foreslår at desse heimlane blir plassert saman med heimlane i kapittel 3, som handlar om organisering og leing.

Kapittel 8 Undervisning, vurdering, sensur, klage og utstedelse av vitnemål

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21, side 190- og kapittel 25, side 244.

§ 8-2. Offentlige forelesninger

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.3.1.3 side 191-. Kapittel 39 side 401.

Problemstilling:

Digitalisering av førelesingar, høve til strøyming, med meir fører til behov for ein diskusjon rundt heimelen om offentlege førelesningar.

Behov for presisering:

HVL ber om ei presisering av om nettforelesningar også må gjerast offentleg tilgjengelege.

§ 8-5. Rett til å gå opp til eksamen

Første og tredje ledd: Omgrepet privatist.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.4.2 side 194-. Kapittel 39 side 402.

Problemstilling:

Heile sektoren omtalar disse som «privatistar». Omgrepet privatist er tilstrekkeleg presist og breitt nok brukt, til at det bør takast inn i lova.

Forslag til endring:

HVL foreslår å til dømes leggje til «(...) og vil gjennomføre eksamen som privatist» til første ledd siste setning. Da kan også frasa «personer som går opp til eksamen uten å være tatt opp som student» i tredje ledd bytast ut med ordet «privatist».

§ 8-6. Gjennomføring av eksamen

Andre ledd: Munnleg eksamen

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.4.2 side 194-. Kapittel 39 side 402-.

Problemstilling:

Dette handlar om den munnlege delen av ein eksamen eller prøve skal vere offentleg. HVL meiner at dette ikkje er føremålstenleg for eksamenar på bachelor- og masternivå, då dette gjev auka risiko for unaudsynt stress hos kandidaten og auka risiko for formelle feil, avhengig av eventuelt publikum. Bruk av digitale løysingar for munnleg eksamen, som er blitt aktualisert i samband med korona-pandemien, gjev også utfordringar knytt til gjeldande heimel.

Forslag til endring:

HVL foreslår at heimelen strykast, men vidareførast for ph.d.

§ 8-7. Gjennomføring av førstegangssensur

Første ledd. Forslag om tretrinns karakterskala

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.5, side 199, (21.5.2.3.1, side 203). Kapittel 39 side 403-

Problemstilling:

I forslaget blir karakteren «Bestått» brukt i to ulike karakterskalaer der den er best i den eine og nest best i den andre. Dette kan skape forvirring når det kjem til klage på karakterfastsetting - éin type «Bestått»-resultat kan klagast på, medan ein annan kan ikkje klagast på. Videre vil det også kunne skape forvirring på karakterutskrift og vitnemål.

Forslag til endring:

HVL er positive til forslaget, men ønsker språklege endringar, for å unngå forvirring. HVL foreslår å endre den tre-trinns karakterskalaen til «Utmerket/Tilstrekkelig/Ikke-bestått».

Andre ledd. Forslag om to sensorar på alle eksamenar, der minst éin er ekstern

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.5 (21.5.2.3 og 21.5.2.3.2, side 201-). Kapittel 39 side 404.

Problemstilling:

Heimelen seier at; «Det skal være minst to sensorer, hvorav minst én ekstern, ved a) skriftlig eksamen hvor karakterfastsettelsen er gradert fra A til F eller utmerket/bestått/ikke-bestått, b) selvstendig arbeid i forbindelse med både lavere og høyere grad uavhengig av vurderingsuttrykket. c) bedømmelse av muntlig eller utøvende prestasjon og d) vurdering av praksisstudier eller lignende.»

HVL ser utfordringar med denne ordning, noko som i stor grad følg grunngjevinga for at tilsvarende ordning blei avskaffa i lov 28. juni 2002 nr. 62. Generelt gjer samanslåinga av institusjonar etter strukturreforma det vanskelegare å finne eksterne sensorar enn tidlegare, og «konkurransen» om sensorkrefter har auka. For nokon fagområde kan krav om to sensorar, der minst ein er ekstern, vere vanskeleg å få til. Det gjelder spesielt tekniske emne som er sær spesialiserte, der det berre er éin ekstern sensor tilgjengeleg. Skulle denne personen bli forhindra frå å møte, blir det nærmast uråd å overhalde kravet.

HVL ser også at det blir vanskeleg å gjennomføre bokstav d) i praksis fordi studentane følgd over tid på praksisstaden, og vurderinga av studenten skjer løypande.

Forslag til endring:

HVL ønskjer ikkje eit absolutt krav til to sensorar på skiftelege eksamenar, og bokstav a), i andre ledd, strykast derfor. Bokstav b) i tredje ledd formulerast om; «forbindelse med både» strykast slik at setninga blir «selvstendig arbeid i lavere og høyere grad uavhengig av vurderingsuttrykket». Dette siste er berre ei språkleg endring.

HVL meiner også at ei ordning med to sensorar må sjåast i samanheng med høve til å klage. Det kan stillast spørjeteikn ved om det er naudsynt med to sensorar på eksamen med høve til å klage. Ved ei klage vil klaga bli vurdert av to sensorar, same kva.

Fjerde ledd. Forslag om å endre sensurfrist på førstegangsensur

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.5.2.3.4, side 204-. Kapittel 39 side 403-

Tilslutnad:

HVL er positive til at sensurfristen endrast til å telle yrkedagar og støttar utvalets forslaget om at sensurfristen er 15 yrkedagar.

HVL er også positive til at det ser ut til at delegasjonsforbodet blir oppheva. Det harmonerer dårleg med resten av lova dersom andre enn styret skal fastsette føresegnar, også midlertidige.

§ 8-9. Rett til begrunnelse

Tredje ledd. Forslag om at grunngjeving skal ligge føre innan to veker

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel. 21.5.2.3.5, side 205-.

Problemstilling:

Forslaget tek ikkje omsyn til heilagdaggar og ferier, og vil føre med seg at sensorane må arbeide på slike dagar for å rekke fristen.

Forslag til endring:

HVL meiner at dette er problematisk, og foreslår at heimelen blir endra eller presisert på ein slik måte at ordninga blir meir realistisk å gjennomføre i praksis. Ein måte er å følge dømet i § 8-7, 4. ledd og setje eit konkret tal på yrkedagar.

§ 8-10. Klage over karakterfastsetting

Andre ledd. Forslag om at det skal være individuell klagerett på gruppeeksamen.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.6.1.5., side 209 og kapittel 39, side 407.

Tilslutnad:

HVL støttar utvalets forslag om at det framleis skal vere individuell klagerett på gruppeeksamen.

§ 8-10. Klage over karakterfastsetting eller § 8-11. Gjennomføring av klagesensur

Forslaget om å fjerne blind klagesensur og å fjerne ny vurdering ved vesentleg karakteravvik frå gjeldande § 5-3 i dagens UH-lov.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.6.2.2., side 209- og kapittel 26.2.3., side 250-.

Problemstilling:

Det er vektige argument både for og i mot utvalets forslag. På den eine sida kan det hevdast at blind sensur har hatt gjort sensurarbeidet vanskelegare. Erfaringane viser at ordninga har resultert i dårlegare klagehandsaming. Samanlikningsgrunnlaget, som ein har ved ordinær sensur, er borte. Risikoen er at sensorane vurderer på feil grunnlag, da dei ofte får et skeivt bilede av nivået. Ordninga med ny vurdering ved vesentleg karakteravvik er krevjande å gjennomføre på en god måte i praksis, og det kan hevdast at den ikkje kompenserer tilstrekkeleg for dei ulempene som blind sensur gjev.

På den andre sida kan det hevdast at blind sensur gjev studentane ei meir nøytral vurdering, i samsvar med argumenta som blei brukt av Norsk studentorganisasjon (NSO) ved innføringa av ordninga.

Tilslutnad:

HVL ser at det er gode argument både for og i mot, men HVL har landa på å gje sin tilslutnad til forslaget om å fjerne ordninga med blind sensur frå ny UH-lov.

§ 8-11. Gjennomføring av klagesensur

Første ledd. Forslag om å endre sensurfrist ved klage på karakterfastsetting.

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 21.6.2.3., side 212- og kapittel 39, side 407-

Tilslutnad:

HVL støtter forslaget. Vi meiner det er positivt at dette blir teke inn i lov, slik at praksisen blir lik i heile sektoren. Ved HVL har vi også tidlegare tolka heimelen i lova slik at klagar på karakter blir handsama med «ugrunnet opphold» og i samsvar med forvaltningslova.

§ 8-12. Ph.d.-kandidatenes rettigheter og plikter

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 25, side 244- og kapittel 39, side 408.

Problemstilling:

Denne heimelen slår fast at loven gjelder for ph.d.-kandidatar i samband med eksamen, studieemne og prøver. Det blir forslått at denne paragrafen blir utvida til også å gjelde opptak, avlagt grad og vitnemål.

Ut frå denne paragrafen kan det forståast slik at ph.d.-kandidatar ikkje reknast som studentar.

Behov for presisering:

HVL ber om ei avklaring av omgrepa student og ph.d.-kandidat.

§ 8-13. Vitnemål

Tredje ledd. Teljande karakter

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel. 21.7.2., side 213 og kapittel 39, side 408-.

Problemstilling:

Det skal gå fram av vitnemålet kor mange gangar ein eksamen er avlagt. HVL meiner at den nye heimelen er uklar, og omgrepet avlagt kan skape forvirring og uoversiktleg saksbehandling.

Fleirtalet i utvalet presiserer at det er siste karakter som gjelder og studenten kan dermed ikkje velje den beste, ved gjentak av eksamen. Problemstillinga blir då om forslaget frå fleirtalet i utvalet vil føre med seg ein vesentleg ulempe for studentane, samanlikna med dagens situasjon?

Viss første karakter ikkje vil kunne gjelde når studentar tak eksamen på nytt for å forbetre karakteren, kan det få dramatiske konsekvensar. Eit døme: Ein ferdig utdanna innan helsefag tek oppatt ein eksamen og stryk. Då vil han eller ho miste både grada og autorisasjonen. Dersom det i tillegg skulle være tredje forsøk, som blei brukt, vil det vere ekstra utfordrande. Forslaget er også lite budd for å takle slike situasjonar vi er i no, med unntakstilstand i samfunnet grunna covid-19.

Forslag til endring:

HVL er usamd med fleirtalet i utvalet, ut frå kva vi meiner er studentane sitt beste. HVL støtter mindretalet i utvalet i at det ikkje skal stå kor mange gangar eksamen er avlagt og at studenten sjølv vel kva karakter som blir ståande på vitnemålet.

Kapittel 9 Godkjenning av høgere utdanning

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 31, side 304.

§ 9-3. Faglig godkjenning av utdanning tatt ved en institusjon som er regulert av denne loven

Første ledd. Studiepoeng. (Sjåast i samanheng med § 9-4.)

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 31.4, side 309. Kapittel 39, side 410 og 411-

Tilslutnad med atterhald:

Når det gjeld studiepoeng i § 9-3, er HVL i utgangspunktet positive til at det er institusjonen som godkjenner, som avgjer talet på poeng. Samtidig er HVL skeptiske til at §§ 9-3 og 9-4 opnar for at studiepoeng kan oppstå utan at dei faktisk er avlagt.

Første og andre ledd. Avklaring av omgrep og oppfølging i føresegn

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 31.4, side 309. Kapittel 39, side 410 og 412.

Tilslutnad med behov for oppfølging:

HVL er positive til at utvalet gjer eit forsøk på å gjere omgrepsbruken rundt godkjenning/godskriving/innpass/fritak meir oversiktleg. HVL vil likevel peike på at viss dette skal gje ønskt effekt, så krav dette at det blir følgd opp i relevante føresegner.

§ 9-4. Faglig godkjenning av dokumentert realkompetanse og norsk utdanning tatt ved en institusjon som ikke er regulert av denne loven

Jamfør § 9-3, første ledd.

Kapittel 10 Sanksjonar ved uønskt åtferd

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 22, side 215 og kapittel 23, side 227.

§ 10-1 Skikkethetsvurdering

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 23.2.2, side 231-. Kapittel 39, side 412-

Problemstilling:

HVL er skeptiske til at heimelen om det å vere skikka blir teke inn i eit kapittel om sanksjonar. Vurderinga om å vere skikka er som ein hovudregel ikkje ei straff, men eit verktøy for å trygge dei svakare grupper som studenten kan komme i kontakt med.

Heimelen om det å vere skikka høyrer slik HVL ser det naturleg saman med de dei heimlane som kan føre til utestenging, men kapitelet bør få eit annet namn. «Kapittel 10 Uønsket atferd» kan være et alternativ.

Første ledd viser til kriteria i «forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning» og HVL meiner det er lovteknisk uheldig å ta inn eit vilkår i UH-lova, som viser til ei føresegn som er hemla i same lov.

Forslag til endring av første ledd:

«Skikkethetsvurdering skal avdekke om studenten har de nødvendige forutsetninger for å kunne utøve yrket. En student som utgjør en mulig fare for liv, fysisk eller psykisk helse, rettigheter eller sikkerhet til de pasienter, brukere, barnehagebarn, elever eller andre studenten kommer i kontakt med under praksisstudiene eller under fremtidig yrkesutøvelse, er ikke skikket for yrket. Forskrift om skikkethet i høyere utdanning angir nærmere kriterier for skikkethetsvurderingen.»

§ 10-3 Falskt vitnemål og fusk ved eksamen, prøve eller godkjenning av kurs

Tredje ledd: Forslaget om å utvide utestengingsperiode ved fusk til to år

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 22.4.1. side 222- og kapittel 39, side 414-

Problemstilling:

Praksis per i dag er eitt semester for grovt uaktsamt fusk og to semester for fusk med forsett. Det er altså ikkje strengare straff for fusk med hensikt (forsett krev ikkje at ein har til hensikt å fuske) eller gjentatt fusk. Då kan det vere nyttig å ha ei lengre utestengingsperiode å gå på.

Slik rettstilstanden er i dag blir grovheita av fusket berre til ein viss grad spegla i reaksjonsmoglegheitene. Forsettleg fusk blir sanksjonert på same måte som fusk for andre gang og andre grove brot, sjølv om studenten ikkje har handla med overlegg. Ein student som meir eller mindre tilfeldig handlar i strid med regelverket vil få same sanksjon som studentar i en sak der fleire studentar har samarbeida om å fuske med overlegg.

Tilslutnad med atterhald:

HVL er samd i forslaget, under føresetnad om at dagens praksis i det vesentlege blir vidareført. Det tyder utestenging i to semester ved forsett, og i eitt semester grov aktløyse.

Eitt år utestenging grunna fusk med forsett er ein sanksjon som står i forhold til lovbrottet, men det er behov for å kunne sanksjonere strengare til dømes ved fusk for andre gang, eller i tilfelle der fusket er av ein særleg grov karakter.

§ 10-4 Forstyrrende opptreden

Andre ledd. Omgrepet grovt forstyrrende

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 22.3.5.2, side 220-. Kapittel 39 side 415-.

Problemstilling

I andre ledd peikast det på «(...) grovt forstyrrende for medstudenters arbeid eller for virksomheten ved institusjonen elles (...)»

Forslag til endring

HVL meiner at omgrepet «medstudenters arbeid» er for snevert, og vi foreslår at omgrepet bytast ut med omgrepet «læringsmiljø».

Tredje ledd. Ikkje respektere bortvising

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 22.3.5.2, side 220-. Kapittel 39 side 415-.

Problemstilling:

I tredje ledd omtalast det å ikkje respektere bortvising. HVL meiner at det er uklart kva det vil si å ikkje respektere bortvisinga. Dersom den forstyrrende åtferda til dømes er elektronisk trakassering, framfor forstyrrende åtferd på campus, vil studenten ikkje risikere noko meir enn bortvising ved å fortsette trakassering.

Forslag til endring

HVL foreslår derfor følgende endring i tredje ledd:

«Hvis studenten etter skriftlig advarsel fra styret fortsetter forstyrrende atferd etter bortvisningsvedtaket, kan studenten utestenges fra studiet og fratas retten til å gå opp til eksamen ved institusjoner etter denne loven i inntil ett år.»

§ 10-9. Forbud mot bruk av klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 35.5, side 345 og kapittel 39, side 418-

Problemstilling:

HVL meiner at det er uønskt at studentar og tilsette nyttar klesplagg som dekker til ansiktet. Spørsmålet er om eit konkret forbod høyer heime i UH-lova.

Forslag til endring:

HVL meiner at sjølv om det er uønskt at studentar og tilsette dekker seg til, så høyrer ikkje eit konkret forbod heime i UH-lova. HVL foreslår at forbodet blir fjerna i forslaget til ny UH-lov.

§ 10-12. Domstolsprøving av vedtak om bortvisning eller utestenging

Tredje ledd. Omkostningar ved søksmål

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 22.4.3, side 223-. Kapittel 39 side 419-

Problemstilling:

Institusjonanes økonomi bør ikkje vere til hindring for å kunne forsvare eit vedtak om vise bort eller stenge ute ein student. Det skal på same måte heller ikkje komme an på studentens økonomi, om dei skal ta risikoen ved å prøve saka for retten.

Forslag til endring:

HVL tilråd derfor at studentane får dekket saksomkostningar på annan måte enn slik det det er foreslått i heimelen.

Kapittel 12 Institusjonens klagenemnd og nasjonale klageorgan

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 5, side 59.

§ 12-2. Organ for internasjonalt utdanningssamarbeid

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 5.4, side 62- og kapittel 39 side 428

Tilslutnad:

Det er positivt at det er eit slikt organ i sektoren, og at dette er teke inn i lovteksten.

Kapittel 15 Akkreditering av institusjonar og studietilbod

Generell referanse NOU 2020: 3: Kapittel 29, side 291.

§ 15-1. Akkreditering av studietilbud og institusjoner

Forslaget om samanslåing av Kvalitetstilsynsforskriften (KD) og Studietilsynsforskriften (NOKUT).

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 29.1, side 291- (29.2.2 side 293). Kapittel 39, side 436-.

Problemstilling:

Erfaringsvis har endringar i regelverket for akkreditering ført til stadig høgare terskel for å få universitetsstatus. Det regelverket som HVL vil søke om universitetsstatus under, er det «strengaste» nokon sinne, fordi de tre institusjonane før oss – HiOA, HSN og HINN, kunne søke under overgangsordninga.

En samanslåing av de to forskriftene må ikkje føre til ytterlegere tilstramming i akkrediteringsreglane. Tvert om bør krava for universitetsakkreditering dreiest mot meir vekt på arbeidslivsrelevans og regional forankring/nærvær. Det vil vere i samsvar med viktige, pågåande diskusjonar i kunnskapspolitikken, og kjem mellom anna til uttrykk i rapportane frå Kompetansebehovsutvalget og med den varsla stortingsmeldinga om arbeidslivsrelevans (2021). Det vil også være i tråd med regionsreforma, og det auka ansvaret for kompetanseutvikling til de nye og større fylkeskommunane.

Tilslutning/Forslag til endring:

HVL støttar utvalets forslag om å slå saman studietilsynsforskrifta og studiekvalitetsforskrifta til éi forskrift. Om ikkje anna tilrår HVL at det som handlar om universitetsakkreditering i dei to forskriftene, blir samla.

§ 15-3. Internt system for kvalitetssikring (jamfør §§ 7-1. og § 7.7)

Referanse NOU 2020: 3: Kapittel 29, side 291 og 29.2.3, side 293. Kapittel 39 side 293-

Problemstilling

Universitet og høgskular skal ha et tilfredsstillande, internt system for kvalitetssikring, som skal sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane. Studentevalueringar skal inngå i eit slikt systemet for kvalitetssikring.

KD stiller krav til kvalitetssikringssystem og kvalitetsarbeid i forskrift, og HVL ser at merksemda i ny studiekvalitetsforskrift og studietilsynsforskrift er flytta frå kvalitetssikring til systematisk kvalitetsarbeid. Skilnaden på kvalitetssikring og systematisk kvalitetsarbeid er viktig.

Forslag til endring

HVL meiner at dreininga frå kvalitetssikring til systematisk kvalitetsarbeid også bør gjenspeglast i ny UH-lov, og at bruken av omgrep føl dette.